

# Nordhordland folketal og demografi 01.01.2017



Nordhordland Utviklingselskap IKS

## Innleiing

Dette notatet viser kort korleis utviklinga i folketalet har vore i Nordhordland frå år 01.01.2000 til 01.01.2017. I tillegg til folketalet er det også sett på den demografiske utviklinga i regionen. Det er også nytta tal frå SSB sin prognose for folketalet framover.


Der ikkje årstal er nemnt så er det 01.01.2017 som det er meint. Tala er henta frå SSB.

## Folketal - utvikling

Totalt sett så har folketalet i regionen auka med 20 % sidan 2000, det er meir enn gjennomsnittet for landet (17 %). Det er store skilnadar mellom kommunane. Meland skil seg ut med ein vekst på 50 % - høgast i fylket, men også i Lindås har auken vore stor. Dei minste kommunane med unntak av Modalen har ein reduksjon i folketalet når ein ser på heile perioden frå 2000 til 2017. Det positive er at alle kommunane har ein auke i 2016.


Kommune	Folketal 01.01. i åra					Folketal - 2017 i % av		
	2000	2005	2010	2016	2017	2000	2010	2016
1252 Modalen	354	361	344	381	383	108 %	111 %	101 %
1253 Osterøy	7 006	7 207	7 421	7 957	8 026	115 %	108 %	101 %
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 812	8 021	150 %	121 %	103 %
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 077	5 128	112 %	106 %	101 %
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 607	15 731	126 %	110 %	101 %
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 858	2 884	114 %	105 %	101 %
1265 Fedje	682	661	594	576	587	86 %	99 %	102 %
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 701	1 710	96 %	105 %	101 %
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 370	2 371	95 %	103 %	100 %
<b>Nordhordland</b>	<b>37 262</b>	<b>38 468</b>	<b>40 776</b>	<b>44 339</b>	<b>44 841</b>	<b>120 %</b>	<b>110 %</b>	<b>101 %</b>
Hordaland	433 932	450 348	479 185	518 513	521 980	120 %	109 %	101 %
Landet totalt	4 478 497	4 606 363	4 858 199	5 213 985	5 258 317	117 %	108 %	101 %

Dei kommunane som har større vekst enn landet - er lysegrønne felt



SSB sin prognose viser at folketalet i 2025 i Nordhordland er på 50.000, ein auke på 5.500 samanlikna med i dag. For at det skal nås må der vere ein større årleg vekst enn det som var i 2016. Med den usikkerheten og omstilling i næringslivet som er i regionen kan det vere at SSB sin prognose er for optimistisk med omsyn til framtidig vekst.

Bergen har over 50 % av folketalet i Hordaland. Veksten i Bergen i 2016 var bare på 0,4 %, mens landet hadde 0,9 %. Dersom veksten i Bergen held seg låg er det grunn til å rekne med at veksten i kommunane rundt Bergen også i vil avta.



I begrepet Vest – er det kommunane – Øygarden, Fjell og Sund.

## Demografi og utvikling


Vekstkommunane har ein ung befolkning. Dei kommunane som har slitt med fallande folketal har ein eldre befolkning. Den gruppa som er 15 år og yngre utgjer 21 % i regionen totalt. Meland har den høgaste andelen med 24

I den aldersgruppa som som føder barn – 21 – 40 år, så har Nordhordland noko lågare andel enn resten av landet. Ingen av kommunane er over gjennomsnittet for landet. Fedje skil seg ut med låg andel – 16 %, men også dei andre kommunane som slit med fallande folketal har relativ låg andel i den gruppa.

For dei som er 68 år og eldre så er Nordhordland totalt ganske likt landet (14 %), men der er store forskjellar mellom kommunane. For nokon av kommunane utgjør denne gruppa nærare 20 %, mens for Meland er det om lag 10 %.



	% andel i dei ulike aldersgruppene						
	0 - 5	6 - 15	16 - 20	21 - 40	41 - 67	68 - 79	80 +
1252 Modalen	5 %	17 %	7 %	23 %	34 %	9 %	6 %
1253 Osterøy	8 %	13 %	7 %	24 %	33 %	10 %	5 %
1256 Meland	9 %	15 %	7 %	26 %	33 %	7 %	3 %
1260 Radøy	7 %	13 %	7 %	24 %	35 %	10 %	5 %
1263 Lindås	8 %	14 %	7 %	24 %	34 %	10 %	4 %
1264 Austrheim	7 %	12 %	7 %	22 %	35 %	12 %	4 %
1265 Fedje	5 %	13 %	8 %	16 %	37 %	11 %	9 %
1266 Masfjorden	7 %	12 %	7 %	20 %	35 %	12 %	8 %
1411 Gulen	6 %	12 %	7 %	22 %	35 %	12 %	6 %
<b>Nordhordland</b>	<b>8 %</b>	<b>13 %</b>	<b>7 %</b>	<b>24 %</b>	<b>34 %</b>	<b>10 %</b>	<b>4 %</b>
Hordaland	7 %	12 %	6 %	28 %	33 %	9 %	4 %
Landet totalt	7 %	12 %	6 %	27 %	34 %	9 %	4 %
	Grønt - høgare enn landet					Raudt - høgare enn landet	

Når ein ser Nordhordland samla så vert aldersfordelinga ganske normalt samanlikna med landet totalt. Det vi skal merke oss er at vi har ein lågare andel av aldersgruppa 21 – 40 år noko som gjer at vi er avhengig av ei netto tilflytting av dei som er i gruppa 30 – 40.




For aldersgruppa 80 + så er der forventa uendra utvikling fram til 2020, i 2025 er der forventa ein auke på 20 % og i 2030 er der forventa auke på over 65 % samanlikna med i dag. Det er store forskjellar mellom kommunane. I dei minste kommunane må ein vere litt forsiktig med å bruke % tala for sterkt. Andelen av dei som er 80 + har vore oppe i 5 %, no er den nede i 4 %. Frå 2025 vil andelen stige og det gjer at ein kan forvente at større del av kommunen sin ressursbruk må gå til denne aldersgruppa. Det er grunn til å merke seg den store auken i Lindås og Meland.

80 år og eldre - året 2017 = 100 %									
	2000	2005	2010	2017	2020	2025	2030	2035	2040
1252 Modalen	74 %	83 %	48 %	100 %	109 %	78 %	126 %	113 %	170 %
1253 Osterøy	103 %	109 %	112 %	100 %	102 %	114 %	155 %	181 %	205 %
1256 Meland	67 %	83 %	87 %	100 %	100 %	123 %	189 %	243 %	279 %
1260 Radøy	118 %	126 %	107 %	100 %	102 %	125 %	159 %	194 %	223 %
1263 Lindås	85 %	94 %	98 %	100 %	104 %	128 %	182 %	227 %	253 %
1264 Austrheim	96 %	98 %	99 %	100 %	110 %	155 %	206 %	234 %	245 %
1265 Fedje	98 %	87 %	89 %	100 %	80 %	80 %	84 %	111 %	124 %
1266 Masfjorden	96 %	92 %	87 %	100 %	95 %	98 %	112 %	125 %	151 %
1411 Gulen	122 %	114 %	103 %	100 %	102 %	114 %	149 %	153 %	169 %
<b>Nordhordland</b>	<b>95 %</b>	<b>101 %</b>	<b>99 %</b>	<b>100 %</b>	<b>102 %</b>	<b>121 %</b>	<b>166 %</b>	<b>199 %</b>	<b>225 %</b>
Hordaland	86 %	95 %	98 %	100 %	105 %	121 %	156 %	184 %	210 %
Landet totalt	86 %	96 %	100 %	100 %	105 %	123 %	160 %	187 %	212 %



Den yrkesaktive delen av befolkninga – 21 – 67 år i forhold til dei som er 68 år og eldre vil vere langt lågare i 2030 enn i 2017. I 2017 er forholdstalet 4,2 i Nordhordland, det er litt lågare enn for landet totalt (4,5). I Nordhordland er det bare Meland som har eit høgare forholdstal enn


landet. I 2030 er det forventa eit forholdstal under 3 i mange av kommunane. Når ein så reduserer for dei som ikkje er i jobb i denne aldersgrupp (uføretrygda, førtidspensjonerte, arbeidsledige) så vil det i nokon av kommunane vere ein svært låg andel av befolkninga som er yrkesaktive.



For aldersgruppa som går i grunnskulen er det forventa ein vekst totalt i regionen.

Barn i grunnskulen - 6 -15 år - året 2017 = 100 %									
	2000	2005	2010	2017	2020	2025	2030	2035	2040
1252 Modalen	98 %	80 %	73 %	100 %	94 %	80 %	83 %	83 %	94 %
1253 Osterøy	107 %	110 %	105 %	100 %	103 %	115 %	127 %	131 %	130 %
1256 Meland	78 %	86 %	87 %	100 %	115 %	124 %	131 %	137 %	139 %
1260 Radøy	103 %	105 %	104 %	100 %	101 %	105 %	105 %	105 %	103 %
1263 Lindås	81 %	86 %	92 %	100 %	103 %	108 %	113 %	119 %	122 %
1264 Austrheim	102 %	100 %	102 %	100 %	103 %	115 %	120 %	126 %	126 %
1265 Fedje	108 %	113 %	109 %	100 %	80 %	84 %	81 %	76 %	76 %
1266 Masfjorden	127 %	120 %	108 %	100 %	106 %	108 %	105 %	102 %	98 %
1411 Gulen	123 %	138 %	117 %	100 %	95 %	97 %	107 %	111 %	108 %
<b>Nordhordland</b>	92 %	97 %	97 %	100 %	104 %	111 %	117 %	121 %	123 %
Hordaland	94 %	99 %	98 %	100 %	102 %	104 %	108 %	112 %	114 %
Landet totalt	92 %	98 %	98 %	100 %	102 %	102 %	105 %	109 %	111 %

Når ein ser på tal barn i dei ulike aldrane frå 0 til og med 15 år så er der ein lit fallande tendens. No vil der vere ein nettotilflytting slik at det likevel kan bli ein auke i tal barn i skulen også framover.



Når ein slår saman aldersgruppene i 5 års bolkar (1 – 5 år, 6 – 10 år og 11 – 15 år) og samanliknar utviklinga i forhold til dei som er 11 – 15 år så er det berre Meland og Masfjorden som har fleire i aldersgruppa 1 – 5 år. Det betyr at elevtalet i skulen vil gå ned dersom ein ikkje får tilflytting til kommunen. I nokre av kommunane er den reduksjon betydeleg. Denne tabellen kan samanliknast med prognosen til SSB. Dersom prognosen til SSB skal nås må fleire av kommunane ha ein betydeleg netto tilflytting i dei aldersgruppene her.

Den reduksjon som kan bli i elevtalet dersom ein ikkje får tilflytting kan gi utfordringar med omsyn til å ha ein ressursbruk i skulen som er økonomisk forsvarleg.



				% av dei som er 11 - 15 år	
	1 - 5 år	6 - 10 år	11 - 15 år	1 - 5 år	6 - 10 år
1252 Modalen	18	35	29	62 %	121 %
1253 Osterøy	524	499	540	97 %	92 %
1256 Meland	644	650	518	124 %	125 %
1260 Radøy	317	326	317	100 %	103 %
1263 Lindås	1 041	1 114	1 084	96 %	103 %
1264 Austrheim	168	170	183	92 %	93 %
1265 Fedje	30	30	49	61 %	61 %
1266 Masfjorden	106	108	98	108 %	110 %
1411 Gulen	133	120	157	85 %	76 %
<b>Nordhordland</b>	<b>2 981</b>	<b>3 052</b>	<b>2 975</b>	<b>100 %</b>	<b>103 %</b>
Hordaland	31 957	32 572	31 073	103 %	105 %
Landet totalt	307 437	323 202	310 051	99 %	104 %

Andel kvinner i alderen 21 – 40 år seier noko om kva ein kan forvente av fødsjar framover. Det er berre Meland som er på nivå med gjennomsnittet for landet, dei andre kommunane ligg under – nokon betydeleg. Nå er der grunn til å forvente ein netto tilflytting i aldersgruppa 31 - 40. Utfordringa er at dei kommunane som har lågast andel kvinner i denne gruppa er dei kommunane som har lågast tilflytting.

